

SAK 33/14 FORDELINGSNØKKEL, INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Saksopplysing

Regionrådet og rådmannsutvalet drøfta i møte 23.5, sak 16/14 ulike prinsipp og aktuelle alternativ til fordelingsnøkkelen for det interkommunale samarbeidet. Det vart gjort slikt vedtak: «Dagleg leiar i samarbeid med rådmannsutvalet utarbeidar sak om ny kostnadsfordelingsmodell til møte i regionrådet fortrinnsvis i juni, seinast i august møte.» Saka omhandlar både fordelingsnøkkelen for meir eller mindre permanent interkommunalt samarbeid, fordeling husleigekostnadene og fordeling av kostnadene for prosjektsamarbeid og arbeid for avgrensa tidsperiode.

Utgangspunktet for drøfting fordelingsnøkkelen interkommunalt samarbeid er m.a. rådmannsutvalet sitt arbeid med å vurdere om fordelingsnøkkelen blir nytta ved ulike interkommunale samarbeidstiltak, er den som gjev mest rettferdig fordeling. Dagens regionale fordelingsnøkkelen vart etablert på 90-talet i samband med vitalisering av det regionale samarbeidet. Utgangspunktet har vore at 30% av kostnadene blir fordelt etter deltagarar og 70 % etter folketall i dei deltagande kommunane, dersom annan fordeling ikkje er vurdert som meir hensiktsmessig.

I fleire samarbeid dei siste åra er det kome fram til annan fordeling enn «regionrådsmodellen», men det er mange samarbeid der denne fordelingsnøkkelen blir nytta. Det har m.a. vore diskusjon rundt fordelingsnøkkelen i IKT Hallingdal, Barnevern og innkrevjingskontor.

Ut frå innspel frå rådmannsutvalet er det ynskeleg at kostnadsfordeling mellom kommunane blir drøfta, med mål å koma fram til ein betre kostnadsfordelingsmodell. I møte 16.10.2013 gjorde rådmannsutvalet i Hallingdal slikt vedtak:
«Forslag til regionrådsnøkkelen legges frem for regionrådet med to forslag: fordeling 10/90 og fordeling etter folketall. Flertallet i Rådmannsutvalget anbefaler fordeling etter folketall.»

Når det gjeld fordeling av husleigekostnadene vart det drøfta i sak 51/13, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Avtale i forhold til fordeling av husleigekostnadene ved eksisterande samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal, ligg som utgangspunkt fast.*
2. *For eksisterande samarbeidstiltak som skal ha ei desentralisert løysing, skal det vurderast nødvendig areal i vertskommune og i dei andre deltagande kommunane, med tanke på å få funksjonelle og kostnadseffektive løysingar.*
3. *Standard husleigekostnadene ved nye samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal skal som utgangspunkt kostast av vertskommunen. Det skal ved etablering av nye samarbeidstiltak inngåast avtale om tiltaket, der spørsmålet om husleigekostnadene skal avklarast. Dersom kommunane kjem fram til eit anna resultat enn ovanståande prinsipp skal den avtalte løysinga gjelde.
Felleskostnadene skal fordelast etter fastsatt fordelingsnøkkelen.*

Når det gjeld fordeling av kostnadene for prosjektsamarbeid og arbeid for avgrensa tidsperiode er det ikkje nokon vedtekne prinsipp for dette.

Vurdering

Sjølv om hovudprinsippet for kostnadsfordeling har vore omforeint og godt forankra, syner fleire eksempel at kostnadsfordeling må vurderast konkret i kvart enkelt prosjekt, og fortrinnsvis avklarast i ein tidleg fase for eventuelt nye samarbeidsprosjekt.

Kostnadsfordeling og finansiering av eit tenestesamarbeid vil i utgangspunktet kunne baserast på fylgjande hovudprinsipp, som og kan kombinerast:

- Kostnadsfordeling etter innbyggjartal
- Todelt kostnadsnøkkel, eksempelvis 10/90 prosent fordelt etter fast del og etter innbyggjartal
- Kostnadsnøkkel etter uttak av tenester event. kombinert med t.d. ein fast del og ein del fordelt etter innbyggjarar.

I fleire regionar i Norge er det gjort mange vurderingar for å koma fram til gode og rettferdige modellar for kostnadsdeling. Det vil ofte vera ulike regionale omsyn som gjer at ein modell som passar bra ein stad ikkje nødvendigvis er den beste ein annan stad. Det viktigaste vil vera at dei samarbeidande kommunane kjem fram til ein modell som alle oppfattar som rettferdig. Samstundes kan det vera ein syretest å stille seg spørsmålet kva ville kostnadane og kvaliteten på tenesta vore, dersom eg stiller meg på sida av samarbeidet.

Ut frå drøftingar i rådmannsutvalet og regionrådet er hovudprinsipp med fordeling etter innbyggjartal det som blir vurdert som mest aktuelt. Samstundes skal fordelingsnøkkelen for kostnadene i samband med interkommunalt samarbeid vurderast i det einskilde tilfellet. Det kan t.d. vera tiltak der stor eller liten ikkje har noko å seie og det kan vera tiltak der vertkommune blir vurdert til å ha store fordelar eller ei forholdsmessig stor meirbelastning. Det er ikkje oppfatta at ei kostnadsdeling skal vera med millimeter nøyaktigheit, noko som både vil vera arbeidskrevjande og vil kunne verke negativt og hemmende på det interkommunale samarbeidet.

Når det gjeld fordelingsnøkkelen for allereie etablerte samarbeidstak må det vurderast for det einskilde tiltak om fordelingsnøkkelen skal takast opp til ny vurdering.

I forhold til husleigekostnadar har allereie regionrådet gjort vedtak som er vurdert at ikkje treng vidare utgreiing.

Når det gjeld fordeling av kostnadene for prosjektsamarbeid og arbeid for avgrensa tidsperiode er det ikkje nokon vedtekne prinsipp for dette. Det vanlege er at den einskilde kommunen bær sine kostnadene som eigeninnsats, så sant ikkje arbeidet er av ein slik karakter og omfang at det er naturleg å honorere særskilt. Tankegangen og prinsippet er at over tid vil belastninga bli utjamna mellom kommunane. I tillegg er det viktig at kostnadsfordeling ikkje blir så detaljert og «rettferdigheitsorientert» at det lammar det interkommunale samarbeidet. M.a.o. er det «rausheitsprinsippet» som bør gjelde.

Ut frå prinsippet om at fordelingsnøkkelen for interkommunalt samarbeid og husleigekostnadene skal handsamast i det einskilde tilfelle, blir det vurdert som tilfredsstillende at det er Regionrådet for Hallingdal som no gjer vedtak.

Forslag til vedtak

- 1.a Fordelingsnøkkelen for kostnadene i samband med interkommunalt samarbeid skal vurderast i det einskilde tilfelle, men som hovedprinsipp gjeld fordeling etter innbyggjartal pr. 1.1. gjeldande år.
- 1.b Fordelingsnøkkelen for allereie etablerte samarbeidstak skal vurderast for det einskilde tiltak.
- 2.a Avtale i forhold til fordeling av husleigekostnadene ved eksisterende samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal, ligg som utgangspunkt fast.
- 2.b For eksisterende samarbeidstiltak som skal ha ei desentralisert løysing, skal det vurderast nødvendig areal i vertskommune og i dei andre deltagande kommunane, med tanke på å få funksjonelle og kostnadseffektive løysingar.
- 2.c Standard husleigekostnadene ved nye samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal skal som utgangspunkt kostast av vertskommunen. Det skal ved etablering av nye samarbeidstiltak inngåast avtale om tiltaket, der spørsmålet om husleigekostnadene skal avklarast. Dersom kommunane kjem fram til eit anna resultat enn ovanståande prinsipp skal den avtalte løysinga gjelde.
Felleskostnadene skal fordelast etter fastsatt fordelingsnøkkelen.
- 3.a Kostnadsfordeling for samarbeid som er prosjektbasert eller tiltak som gjeld for kortare tidsrom skal avklarast i det einskilde tilfelle. Eigeninnsats frå deltagarkommunane skal i utgangspunktet dekkjast av den einskilde kommunen.

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar